

TEMA: Kirke og kloster ①52, Frå tjodveg til riksveg ①84

KART: ④40

Fana



Kyrkja på Kyrkjebyrkjeland vart riven i 1878.

KYRKJEBYRKJELAND

Der fylkesvegen tek av til Birkelandsbotn frå riksvegen E39 øvst i Vållaheiane, kjem vi inn på ein av hovudvegane til Bergen heilt frå mellomalderen av. Vegen passerer like framom kyrkjegarden som ligg att etter den gamle kyrkja på Kyrkjebyrkjeland, og går gjennom tunet på postgarden og skysskiftet (①424). Her står framleis hovudbygningen frå tidleg på 1800-talet. Vegen går vidare gjennom Birkelandsbotn, over den gamle steinbrua på Midtun og til Bergen. Dette var «Den Stavangerske postvei» (①84).

I området kring Fana kyrkje har det lege fleire store gravhaugar frå førkristen tid. I dag ligg berre ein av desse att; på vollen ved vegen til skogforskningsstasjonen. Opphavleg var haugen rund med ein diameter på 18 meter, i dag er han avlang og mindre. I eldre tid låg det her to haugar til. På den eine stod det to 4 meter høge bautasteinar som vart fjerna i 1762. Bøndene kalla dei «kjempesverd», og etter tradisjonen markerte dei den eldgamle halvfylkesgrensa mellom Nordhordland og Sunnhordland.




Fanakyrkja slik ho vart restaurert av Frederik Konow Lund i 1926–27.

Steinkyrkja i FANA var ei av valfartskyrkjene i mellomalderen, med eit undergjerande sølvkrusifiks som kunne lækja sjuke. Ein haug vest for kyrkja vert enno kalla KRYKKJEHAUGEN; etter tradisjonen var det her dei sjuke kasta krykkjene sine. Kanskje har denne kyrkja, der ho ligg ved den gamle halvfylkesgrensa, også hatt ein særskild posisjon i høve til fjordungskyrkjene i fylket.

Første gong kyrkja i Fana er nemnd i skriftelege kjelder er i 1228, men den rundboga portalen i sørmuren i skipet og den nedre delen av muren vitnar om at kyrkja kan vera eldre. Fanakyrkja var i mellomalderen knytt til eit hospital; kanskje var det denne funksjonen som gjorde at ho fekk ry som valfartskyrkje. I 1303 vart denne kyrkja eitt av dei 14 kongelege kapella til HÅKON V MAGNUSSON. Då fekk koret truleg to store gotiske grindverksvindaugo. Kyrkja skal også ha hatt eit vesttårn i mellomalderen, men etter ein brann i 1644 fekk skipet ein tårnryttar av tre over vest-

gavlen. I 1870 vart kyrkja ombygd. Skipet vart lengd mot vest og fekk fire store vindaugo i kvar langmur. Koret vart høgare; i vest vart det bygt eit våpenhus i mur med eit tretårn over. I 1926–27 vart kyrkja restaurert. Skipet fekk no tre mindre vindaugo i kvar langmur. I vest bygde arkitekt FREDERIK KONOW LUND ein tårnfot etter modell av Voss kyrkje og sette på ein takryttar av same type som sto på skipet før 1870. Det undergjerande sølvkrusifikset vart etter tradisjonen fjerna frå kyrkja kring 1620 av høvedsmannen på Bergenhus, THORD ROED. □

FANTOFT – STAVKYRKJA FRÅ FORTUN

Snitt gjennom stavkyrkja.

Då det skulle byggjast ny kyrkje i Fortun i Sogn i 1883, stod den gamle stavkyrkja for fall. I åra etter at J.C. Dahl tok initiativet til å stifte Foreningen til Norske Fortidsminners Bevaring i 1844, hadde interessa for desse monumentale kyrkjebygga frå mellomalderen vakse seg så sterk at denne kyrkja vart flytt og gjenreist på FANTOFT utanfor Bergen. Her har kyrkja vore ein av dei store attraksjonane i over hundre år. Den 6. juni 1992 kom katastrofen; kyrkja brann ned til grunnen. Det vart eit folkekrav at stavkyrkja skulle byggjast opp att slik ho sto på Fantoft, i nøyaktig kopi; eit sjeldsynt antikvarisk gjenreisingsprosjekt.

I Fortun må kyrkja opphavleg vera bygd i andre halvdel av 1100-åra. Skipet var då litt lengre enn det som brann i 1992. Dette hadde fem par midtromsstavar, mot tidlegare sju. På 1600-talet vart det bygt til eit tårn i vest, og det gamle stavbygde koret vart erstatta av eit tomra kor. Slik stod kyrkja fram til flyttinga i 1883. Då bygningen skulle setjast opp att på Fantoft, meinte ein å kunna påvisa at skipet var blitt lengd i mellomalderen med to ekstra stavpar, og at materialar frå det eldste koret var blitt brukt til dette. Skipet vart i 1883 innkorta til den opphavlege lengda med fem par midtromsstavar. Stavpara som vart til overs, vart nytta til rekonstruksjon av det stavbygde koret. Ein har valt å halda fast ved denne forma når stavkyrkja no har vorte atterreist for andre gong; likeins eksteriøret, med svalgangar, spontak, kortårn og takryttar over skipet, som er rekonstruerte etter førebilete frå Borgund stavkyrkje.